



MØTEBOK – ØRSKOG HISTORIELAG – ÅRSMØTE 2023

Stad: Ørskog Kulturhus

Tid: Tysdag 7. mars 2023 klokka 19:30 - 22:00

Til stades: 19 personar – alle røysteføre medlemmer i ØH.

Sak 1: Val av møteleiar

Ragnar Bakken vart samrøystes vald.

Sak 2: Val av person til å føre møteboka

Oddbjørn Hjelle vart samrøystes vald.

Sak 3: Val av to personar til å signere møteboka

Tore Gjære og Siv Krokfoss vart samrøystes valde.

Sak 4: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjende utan merknader.

Sak 5: Årsmelding 2022

Årsmeldinga vart delt ut på møtet og gått gjennom punkt for punkt.

Hovedpunkt i årsmeldinga vart refererte av leiar i ØH

Ragnar Bakken.

Frå **Paktarhusnemnda** refererte leiar Ove Eide med fokus på denne eigedommen til ØH, og på dei store vedlikehaldsprosjekta som er på gang på huset og smia.

Frå **Skriftnemnda** refererte leiar Bjørn Steinar Skarbø og takka for gode bidrag til Årboka for 2022.

Frå **Teknisk utval** refererte leiar Torstein Davik og orienterte om dei ulike prosjekta som utvalet har på gang.

Frå **Fotoregistreringsnemnda** orienterte leiar Siv Krokfoss og rosa dei mange bidragsytarane for deling av bilete til fotoarkivet.

Frå **Postvegneemnda** orienterte leiar Ivar Holmeide og rosa prosjektet med krabbefelt i Landedalen for undergangen som kom i stand for kryssing av Europavegen.

Det vart også orientert om dei ymse prosjekta som er planlagde på Postvegen, og at ØH er tildelt midlar til slikt arbeid for 2023.

Det vart også orientert om status på ny **heimeside**, og planen er å ha denne klar til sommaren 2023.

Det vart også orientert om prosjekta for **Stiftinga Olav Oksvik** som no er i framgang, og om nemnda som skal jobbe med **Ørskogkalenderen** for 2024.

Samrøystes vedtak: Årsmeldinga vart godkjent uten merknader.

Sak 6: **Rekneskap 2022.**

Rekneskapen vart omdelt og referert. Revisorberetning opplest av leiar Ragnar Bakken.

Resultatrekneskapen viser eit underskot på 234.739 kroner, noko som skuldast dei store vedlikehaldprosjekta som er gjennomførde i 2022.

Underskotet er dekt inn ved eit lån i Ørskog Sparebank.

Det vart kommentert frå årsmøtet at momskompensasjon ikkje var medtatt for 2022, og dette vert sett nærare på.

Samrøystes vedtak: Rekneskapen vart godkjend utan andre merknader.

Sak 7: **Fastsetjing av kontingent for 2024.**

Styret sette fram forslag om å auke årskontingenten frå 350 kroner til 400 kroner.

Samrøystes vedtak: Forslag til kontingent for 2024 – 400 kr - vart samrøystes godkjent.

Sak 8: **Budsjett 2023.**

Styreleiar presenterte budsjett for 2023 med eit underskot på 6000 kroner. Omdelt i møtet.

Samrøystes vedtak: Budsjett for 2023 var godkjent uten merknader.

Sak 9: **Val i samsvar med laget sine lover**

Valnemnda sitt samla framlegg knytta til vala på årsmøtet vart omdelt

Det vart votert over valnemnda sine einskilde forslag til styre og nemnder.

To posisjonar til valnemnda var på val, og det vart foreslått gjenvalg av Karin Årdal og Grethe L Gjerde.

Som vara til Kalendernemnda hadde namnet til Jorunn Giskemo falle ut.

Alle forslaga vart godkjende ved akklamasjon.

Sak 10: Eventuelt innkomne saker

- A) Orientering om auke av to nemnder frå 5 til 6 personar. Jf vala der Postveg nemnda og Paktarhusnemnda begge vart utvida frå 5 til 6 medlemmer.
- B) Orientering om forslag til "Æresmedlemskap ØH". Forslag skal førebuast av styret til neste årsmøte.
- C) Forslag om å endre laget si "LOV" til "VEDTEKTER" skal førebuast av styret til neste årsmøte.
- D) Førebu paragraf for innsendingsfrist av forslag i revidert LOV / VEDTEKTER.
- E) Førebu sak vedrørende forslag om namneendring frå Historielag til Sogelag til neste årsmøte
- F) Førebu ein samla revisjon av laget si LOV/VEDTEKTER til neste årsmøte Punkta B) til E) vert ein del av denne revisjonen.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet sluttar seg til punkta A) – F) ovanfor.

MATYKT MED GOD MARSIPANKAKE.

Sak 11: Vi drøftar og prioriterer laget sine oppgåver for 2023.

Leiar presenterte liste over pågåande og planlagde prosjekt.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande uten endringar.

Leiar ØH takka årsmøtet og tillitsvalde for godt samarbeid.

Møtet slutt 22.00 Ragnar Bakken – leiar – Oddbjørn Hjelle – ref på møtet –

Siv Krokfoss

Tore Gjære